



**ÅRSMELDING 2023**

**FOR KONTROLLUTVALET**

**I**

**STORD KOMMUNE**



## 1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I kommunelova finn ein kap. 23 «Kontrollutvalgets virksomhet». I § 23-1 står det mellom anna:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.»

I kommunelova § 23-2 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

## 2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for perioden 2019 – 2023 var slik samansett:

Fredrik Litleskare (H)	Leiar, og kommunestyremedlem
Stian Djuvsland (FrP)	Nestleiar
Rigmor Svanberg (FrP)	Medlem (friteken av Kst 25.11.21   PS 53/21)
Gunnhild Kristin Borlaug (FrP)	Medlem (ny medlem frå 25.11.21   PS 53/21)
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen (Ap)	Medlem
Tore Jubskås (Sp)	Medlem

Minst ein av dei valde skal og ha sete i kommunestyret. Fredrik Litleskare var kommunestyremedlem, også i den perioden.

Kontrollutvalet for perioden 2023 – 2027 er slik samansett:

Tarjei Aamot Haga (Ap)	Leiar, og kommunestyremedlem
Nils Magne Blålid (SV)	Nestleiar
Inga Margrethe Fagerbakke (Ap)	Medlem
Fredrik Litleskare (H)	Medlem og kommunestyremedlem
Randi Høgås Nesse (uavh.)	Medlem

Minst ein av dei valde skal og ha sete i kommunestyret. Tarjei Aamot Haga og Fredrik Litleskare er kommunestyremedlemar.

## 3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2023

- Kontrollutvalet i Stord kommune hadde 5 møter i 2023 og handsama 46 politiske saker og 18 referatsaker.

- Ordfører har møterett i kontrollutvalet.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har møtt på alle møta i kontrollutvalet
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

#### 4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 står det at kommunestyret skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalet som tilfredsstill utvalet sitt behov. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå kommunelova § 23-7:

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstill utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er sekretær for kontrollutvalet i Stord kommune, og kontrollsjef Hogne Haktorson har møtt på alle møta. Sekretariatet var i 2023 også sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, samt kontrollutvala i desse kommunane: Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Austevoll, Bjørnafjorden, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Øygarden, Samnanger, Vaksdal og Askøy. I tillegg til dette var sekretariatet også settesekretariat for Møre og Romsdal fylkeskommune sitt kontrollutval i heile 2023.

Hausten 2022 vart det gjennomført ny konkurranse om sekretariatstenester for fem kommunar i Sunnhordland. Vestland fylkeskommune held etter det fram som sekretariat for kontrollutvalet i Stord kommune og dei øvrige fire kommunane frå 01.01.23. til 31.12.2024, med opsjon på 1 + 1 år.

#### 5 Revisjonsordninga og revisjonstenesta

##### Revisjonsordninga.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Stord kommune har nytta kjøp av revisjonstenester som revisjonsordning frå 01.01.2006.

##### Revisjonstenesta.

Konkurranse for ny avtaleperiode – frå 01.07.2021 – gjekk føre seg vinter/vår 2020/2021. Kontrollutvalet gav si innstilling i møte 19.04.21 (PS 19/21). Kommunestyret vedtok innstillinga i sitt møte 27.05.21 (PS 12/21):

«Kommunestyret i Stord kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2021 – 30.06.2025.»

Deloitte AS har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt lagt fram rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørane. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte AS, Else Holst-Larsen. I tråd med regelverket er eigenvurdering for at Deloitte AS er uavhengig i høve til Stord kommune, lagt fram for kontrollutvalet.

Utanom revisjon av årsrekneskapan, har revisor og gjennomført forenkla etterlevingskontroll, laga revisjonsplan og lagt fram interimrevisjonsrapport, som alle er handsama i kontrollutvalet.

## **6 Forvaltningsrevisjon.**

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd samt med selskap der kommunen har eigarinteresser, og er ei av utvalet sine lovpålagde oppgåver. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon med kommunens virksomhet samt med selskaper som kommunen har eierinteresser i.

Det står vidare i kommunelova § 23-3:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

### **6.1 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024**

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon slik at gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.”

På kontrollutvalet sitt møte 11.12.2019 bestilte utvalet oppstart av nytt planarbeid, og ba KPMG gjennomføra risiko- og vesentlegvurderingar i Stord kommune, samt utarbeida forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.

Plan for forvaltningsrevisjon blei vedteken i kommunestyremøte 24.09.2020. (PS 53/20), der det vart fatta slik vedtak:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon gjeldande perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

### **Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024**

I tråd med pkt. 5 overfor gjennomførte kontrollutvalet saman med Deloitte ei evaluering hausten 2022, medan endeleg vedtak vart gjort 14.02.23 i sak PS 7/23.

### **Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028**

Kontrollutvalet bestilte i møte 06.12.2023 oppstart av ROV for ny planperiode, der forslag til prosjektplan vart handsama i sak PS 39/23. Dette vart vedteke:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Stord kommune og verksemda i kommunen sine selskap og av Stord kommune sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april 2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggest fram for kommunestyret i juni 2024.

## **6.2 Gjennomføring av prosjekt innan forvaltningsrevisjon**

Pkt. 6.3 gjeld forvaltningsrevisjonsrapport som vart levert i 2023.  
Pkt. 6.4 - 6.6 gjeld oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonar.

## **6.3 Forvaltningsrevisjon av effektivitet og kvalitet i tenester til psykisk utviklingshemma i Stord kommune**

Kommunestyret i Stord kommune handsama forvaltningsrevisjonsrapport om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming i møte 11.05.2023, sak PS 12/23. Rapporten har hovudfokus på tenester til psykisk utviklingshemma. Det vart gjort slik vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming, ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Arbeida vidare med å tilby eit tilstrekkeleg variert arbeids- og aktivitetstilbod som er tilpassa behova og ønska til brukarane.
2. Sikra at personar som har fått vedtak om støttekontakt får innfridd tenestene, ev. vurderer alternative ordningar i ein overgangsperiode.
3. Sikra systematisk oppfølging og førebygging av sjukefråvær i alle avdelingar i eining for habilitering.

4. Arbeida vidare med å sikra at tilsette og vikarar får tilstrekkeleg opplæring i avviksrutinar og kva som skal meldast som avvik, samt sørgja for tilbakemelding til meldar og at avvik blir brukt til læring og forbetring av tenestene.
5. Utarbeida kompetanseplanar for eining for habilitering og underliggjande avdelingar.
6. Etablere system for å henta inn og gjera bruk av erfaringar frå brukarar og deira pårørande i forbetningsarbeid.
7. Kommunestyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.08.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

På bakgrunn av pkt. 7 i vedtaket overfor, behandla kontrollutvalet handlingsplanen i møte 06.12.23, sak PS 41/23, og fatta slik vedtak:

1. «Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektøren, når det gjeld forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming, til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024. Dette inklusiv:
  - vurdering av vidare oppfølging, der handlingsplanen fortalde at dette var avhengig av endeleg budsjett for 2024.
  - Status vedr. utvikling innan sjukefråværet.
  - Status vedr. gjennomtrekk i stillingar.
  - Status vedr. kompetanse innan fagområdet.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 03.04.2024.
4. Utvalet ber og om at kommunedirektøren gjev munnleg informasjon i kontrollutvalet sitt møte 15.04.24.»

Kontrollutvalet vil informera om oppfølgingsarbeidet vidare, i årsmelding for 2024.

#### **6.4 Forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid for barn og unge**

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge. Revisjonsrapport kom opp i kontrollutvalet sitt møte 23.05.2023 (PS 20/22), som innstilte overfor kommunestyret, der rapporten kom til handsaming 21.06.2022 (PS 26/22). Kommunestyret fatta slik vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune, ber kommunestyret rådmannen om å:

1. Etablere ei overordna oversikt over mål og planar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og sikre tilstrekkeleg operasjonalisering av måla som er sett for tenestene på området.
2. Sikre tydeleggjering av oppgåver, rollar og ansvar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Under dette:
  - a) Tydeleggjere oppgåver og ansvar i dei tilfella der fleire tenester har overlappende ansvar og det dermed er risiko for at oppfølginga kan gleppe.
  - b) Tydeleggjere rollar og ansvar knytt til bruk av stafettloggen.
3. Sikre at alle tilsette er tilstrekkeleg kjend med
  - a) kva som ligg til ansvar og oppgåver som koordinator for arbeid med individuell plan.
  - b) rutinar og verktøy som er etablert for å sikre kartlegging og oppfølging av barn med behov for oppfølging.
4. Etablere rutinar som sikrar at tenester etterspør samtykke frå foreldre om overføring av informasjon til relevante instansar, i tilfelle der familiar med utsette barn skal flytte frå kommunen.
5. Leggje til rette for at fleire tilsette i kommunen har god kunnskap om BTI-modellen og dermed til dømes kan gjennomføre opplæring i BTI-metodikken for andre tilsette.

6. Sikre at det blir etablert klare samarbeidsstrukturar og tilstrekkeleg tverrsektorielle møteplassar mellom sentrale tenester i OKU og RHO som jobbar opp mot barn og familiar i kommunen.
7. Etablere rutinar for å melde avvik knytt til samhandlinga mellom tenestene i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge, og rutinar for å følgje opp slike avvik.
8. Lage en prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Handlingsplanen, og vidare oppfølging av denne, vart handsama av kontrollutvalet i

- møte 01.12.22 (sak PS 38/22)
- møte 20.09.23 (sak PS 30/23)

I sak PS 30/23 vart det fatta slik vedtak:

1. «Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektør når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 18.03.2024.»

Kontrollutvalet vil informera om oppfølgingsarbeidet vidare, i årsmelding for 2024.

## 6.5 Forvaltningsrevisjon innan beredskap.

### **Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan beredskap i møte 15.10.2020 (sak PS 34/20)**

Innstilling i høve endeleg rapport var oppe i kontrollutvalet 19.05.21 (PS 26/21). Med endra ordlyd i pkt. B8, vedtok kommunestyret innstillinga i sitt møte 27.05.21 (PS 16/21):

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune ber kommunestyret rådmannen syta for vurderingar og utarbeiding av aktuelle tiltaksplanar i høve desse tilrådingane:

- A1. Kommunen skal utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.
- A2. Kommunen skal etablere ein tydelig plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan.
- B1. Kommunen skal vurdere å styrka ressursar innafor eksisterande rammer knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.
- B2. Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.
- B3. Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskalaøving med bortfall av alle digitale tenester, inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.
- B4. Kommunen skal synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.
- B5. Kommunen skal kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar bør òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.
- B6. Kommunen skal etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.
- B7. Kommunen skal etablere eit system der revidert plan må godkjennast av andre enn den som har ansvar for den konkrete planen for å bli rekna som revidert.
- B8. Kommunen skal ha rutinar for å gjera skriftlege evalueringar i etterkant av øvingar.
- C1. Kommunen skal vurdere å inngå avtale om beredskap med fleire overnattingsstader i, eller i tilknytning til, kommunen.

- C2. Kommunen skal vurdere om dei tilsette bør vere meir aktivt med i revisjon av planane.
- C3. Kommunen skal vurdere om tilsette kan gis opplæring i beredskapsarbeidet i eiga eining.
- C4. Kommunen bør vurdere å samle arbeidet med IT-tryggleik, plan for opplæring i IT-tryggleik og oppfølging av opplæring i IT-tryggleik på same stad i kommunen, for å sikre betre oversyn over den generelle IT-tryggleika.

Rådmannen vert og beden om:

- D1. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
- D2. At tilråding om tiltak innan beredskap som krev politiske vedtak, vert teke opp som politisk sak etterkvart, i dei organ som har innstillingskompetanse og vedtakskompetanse.»

Det har vore mange oppfølgingar i kontrollutvalet etter at vedtaket var gjort, sist i møte 20.09.2023, der det i sak PS 29/23 vart gjort slik vedtak:

- 1. «Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er utført i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
- 2. Utvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status, særleg for pkt. B2 og B3 og delvis pkt. B5 til første møte i utvalet, hausten 2024.
- 3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 28.08.24.»

Kontrollutvalet vil informera om oppfølgingsarbeidet vidare, i årsmelding for 2024.

## **6.6 Forvaltningsrevisjon om plan- og byggesakshandsaming.**

Kontrollutvalet tok 24.09.19 initiativ til Forvaltningsrevisjon om plan- og byggesakshandsaming i sak PS 45/19.

Rapport etter forvaltningsrevisjonen vart handsama av kontrollutvalet 11.03.20 (sak PS 4/20), som innstilte overfor kommunestyret.

I kommunestyremøte 14.05.2020 (sak PS 21/20), fatta kommunestyret slik vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan plan og byggesakshandsaming ber kommunestyret rådmannen syta for å:

- 1. Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige sakshandsamingssystem for byggesakshandtering.
- 2. Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga.
- 3. Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk.
- 4. Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom Regulering, bygg og Oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) og vegmynde.
- 5. Prioritere arbeidet med å oppdatere det kommunale planverket.
- 6. Sikre at all relevant rådgjeving og rettleiing vert dokumentert i samsvar med forvaltningslova.
- 7. Etablere tiltak for å sikre at førebels svar vert sendt ut på alle byggesaker kor sakshandsaminga overgår fire veker.
- 8. Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Handlingsplanen, og vidare oppfølging av denne, vart handsama av kontrollutvalet i

- møte 08.09.20 (sak PS 23/20)
- møte 04.03.21 (sak PS 05/21)
- møte 31.08.21 (sak PS 31/21)
- møte 02.12.21 (sak PS 39/21)
- møte 15.09.22 (sak PS 26/22)
- møte 14.02.23 (sak PS 03/23)
- møte 20.09.23 (sak PS 28/23)

I sistnemnte møte vart det gjort slik vedtak:

- «1. Kontrollutvalet konstaterer at utarbeiding av ny vegnorm vert ivareteke som del av pågåande kommuneplanarbeid.
2. Kontrollutvalet er elles nøgd med oppfølgingsarbeidet som har vore, og vel å lukka vidare oppfølging frå utvalet si side.
3. Utvalet ønskjer lukke til med vidare utviklingsarbeid på saksfeltet.»

Kontrollutvalet har tradisjon for å tenka slik at ein revisjon ikkje er ferdig før også oppfølginga i etterkant av revisjonen er gjort, sjølv om det som her har blitt i alt 7 oppfølgingar over 3 år før utvalet sa seg nøgd med oppfølgingsarbeidet. Gledeleg at beredskapsarbeidet er kome styrka ut i denne tida.

## **7 Eigarskapskontroll.**

I den nye kommunelova er selskapskontroll erstatta med forvaltningsrevisjon i selskap, og eigarskapskontroll. Dette står om eigarskapskontroll i kommunelova § 23-2 d:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv.

Det står i tillegg litt meir utfyllande om eigarskapskontrollen i kommunelova § 23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

## 7.1 Plan for eigarskapskontroll.

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll slik at kontrollen med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Følgjande står om plan for eigarskapskontroll i kommunelova § 23-4:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen

Plan for eigarskapskontroll vart vedteken i kommunestyremøte 24.09.2020. (PS 54/20), der det vart fatta slik vedtak:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll gjeldande perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

### **Rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024**

Jmf. pkt. 5 i vedtaket over, hadde kontrollutvalet sak om det i møte 01.12.23. (PS 40/22). Kontrollutvalet vedtok der at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

### **Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028**

Kontrollutvalet bestilte i møte 06.12.2023, sak PS 39/23, oppstart av ROV for ny planperiode, der forslag til prosjektplan vart handsama. Dette vart vedteke:

- «1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Stord kommune og verksemda i kommunen sine selskap og av Stord kommune sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april 2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggst fram for kommunestyret i juni 2024.»

## 7.2 Prosjekt innan eigarskapskontroll.

### **Kontrollutvalet bestilte eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i møte 20.04.2023, der det i sak PS 13/23 vart gjort slikt vedtak:**

- «1. Kontrollutvalet bestiller eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, pkt. 1.2 og 1.3 (Hovudprosjekt og opsjon)
3. Det vert også akseptert inntil 6 timar på evt. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre, fakturert etter timeforbruk, jmf. prosjektplan pkt. 4.2.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2023, ferdig verifisert og med kommunedirektør/rådmann sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.»

### **Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med eigarskapskontrollen er:**

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke og vurdere om Stord kommune har etablert tilfredsstillande system og rutinar for eigarskapsforvaltning, under dette om kommunen si eigarskapsmelding er i samsvar med lovkrav og relevante tilrådingar, om organiseringa av arbeidet med eigarskapsforvaltning er hensiktsmessig og om eigarskapsforvaltninga blir praktisert i samsvar med krav i regelverk, tilrådingar for god kommunal eigarstyring og kommunen sine egne prinsipp for eigarskapsforvaltning.»

### **Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

1. «Har kommunen etablert ei føremålstenleg organisering av den overordna eigarskapsforvaltninga?
2. Har kommunen ei eigarskapsmelding som oppfyller krava i regelverket?
3. I kva grad har kommunen utarbeidd ein tydeleg strategi for sine eigarskap?
4. I kva grad har kommunen etablert ei eigarstyring i samsvar med relevante lovkrav og tilrådingar for god eigarstyring i kommunal sektor? Under dette:
  - a. I kva grad har folkevalde og styremedlemmar fått tilstrekkeleg opplæring i kommunal eigarskapsforvaltning?
  - b. Er det etablert rutinar for å sikre god samansetning og kompetanse i selskapsstyra?
  - c. I kva grad stiller kommunen krav til selskapa om:
    - i. Utarbeiding av etiske retningslinjer
    - ii. Registrering av styreverv
    - iii. Fastsetting av godtgjersle for styremedlemmar
    - iv. Rutinar for habilitetsvurdering
    - v. Utarbeiding av styreinstruks
    - vi. Årleg plan for styret sitt arbeid
    - vii. Evaluering av styret sitt arbeid
5. I kva grad har kommunen følgt opp selskapa i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?
6. I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapa?»

Prosjektet er av ulike grunnar vorte noko forseinka, og det er no tenkt levering i mars 2024. Då kjem rapporten til behandling både i kontrollutvalet og kommunestyret i vårhalvåret 2024.

## 8 Rekneskapsrevisjon.

Revisjon av årsrekneskaper er ein heilt sentral del av eigenkontrollen i kommunen. Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien sin.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av sine oppgåver, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

I kommunelova § 23-2 står mellom anna dette:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

Dette står om rekneskapsrevisjon i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) Regnskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) Regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravet i kapittel 2 og 3

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

### 8.1 Rekneskap for Stord hamnestell for 2023:

Einingsleiar med Stord hamnestell som ansvarfelt, var tilstades og svara på spørsmål frå kontrollutvalet, då årsrekneskaper vart handsama i møte 22.05.23 (PS 18/23).

I ordskiptet mellom utval, administrasjon og revisor, var ein bl.a. innom dette:

- Variable inntekter for hamnestellet, men godt resultat i 2022.
- Sårbart med få tilsette. Heldigvis lågt sjukefråvær.

Følgjande uttale vart fatta:

- «Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2022 har driftsinntekter på kr. 17 162 000 og eit netto driftsresultat er på kr 2 842 000. Det gjev eit driftsresultat på 16,56 % (Sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt over tilrådinga til TBU.
- Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2022, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
- Uttalen vert send kommunestyret via utval for plan og utvikling og/eller via formannskapet.»

## 8.2 Årsrekneskap for Stord kommune for 2022.

Kontrollutvalet handsama i møte 22.05.2023, (PS 19/23) årsrekneskapen for 2022 i Stord kommune. Administrasjonen var denne gongen ikkje representert på møtet.

I uttalen gjorde kontrollutvalet bl.a. merksam på følgjande tilhøve overfor kommunestyret:

- Kontrollutvalet er uroa over utviklinga innan:
  - Svekkja driftsresultat siste åra; (2020: 4,01% | 2021: 1,97% og 2022: 0,11%). TBU anbefaling er 1,75%.
  - Auka lånegjeld som pr 31.12.2022 er på 3,115 milliard kroner. Korrigert for utlån og ubrukte lånemidlar er lånegjelda 2,654 milliard kroner. Korrigert tal er anbefalt av Riksrevisjonen å ligga under 75% av driftinntektene. For Stord kommune: (2015: 99,4% | 2016: 102,4% | 2017: 109,9% | 2018: 123,1% | 2019: 126,8% | 2020: 127,5% | 2021: 137,8% og 2022: 144,9%).
  - Framleis høgt sjukefråvær, særleg innan omsorgssektoren (opp mot 16%).
- Det vert tilrådd at Stord kommune prioriterer å sette fokus på tilrådingane i revisjonsrapport 2022 nr. 4 frå Deloitte
- Dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 14-7 c- f er omtalt i årsberetninga på ein tilfredsstillande måte
- Dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 25-2 er omtalt i årsberetninga på ein tilfredsstillande måte

## 8.3 Etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Deloitte gjennomførte etterlevingskontroll med reglar og vedtak for økonomiforvaltninga i Stord kommune, og dei konkluderte slik:

«Basert på de utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt oppmerksame på tilhøve som gir oss grunn til å tro at Stord kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd føresegnene i regelverket.

Rekneskap og avstemmingar er likevel ikkje levert tidsriktig til revisjon. Dette var varsla på førehand.

Årsmelding er avlagt innanfor lovens frister og KOSTRA-data er rapportert tidsriktig. Bokføringslovens krav til dokumentasjon er i all hovedsak oppfylt.»

## 9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Stord kommune er medlem i FKT.

Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid, samt aktuelle vegleiarar, er og lagt fram som melding til kontrollutvalet.

Gunnhild Kristin Borlaug deltok frå kontrollutvalet på FKT sin årlege fagkonferanse med årsmøte, som var halden i Trondheim i månadsskiftet mai/juni 2023.

## 10 Opplæring og informasjon

Som del av revisjonsavtalen sin fastpris, skal revisor tilby lokale kurs etter bestilling frå kontrollutvalet. Deloitte AS gjennomførte desse kursa i 2023:

- Prosjektstyring, oppfølging og «fallgruver»
- Rollar, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet

Kontrollutvalet v/ leiar var representert på NKRF sin årlege kontrollutvalskonferanse på Gardermoen i månadsskiftet januar/februar 2023.

Ved deltaking på kurs og konferansar har ein vore flink til å orientera dei andre utvalsmedlemmane i etterkant.

#### **11 Kontrollutvalet på Stord kommune si heimeside**

Kontrollutvalet nyttar elektronisk innkalling til møter og utsending av saker. For å samordna kontrollutvalet si sakshandsaming med øvrige politiske møter, er det viktig å henta aktuelle dokument, og å kunna finna opplysningar lett tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Stord kommune har tilrettelagt og tilpassa heimeside på ein god måte for kontrollutvalet sine saker. Kan likevel nemnast at det nye utvalet ønskjer litt meir synlegheit av kontrollutvalet samanlikna med andre politiske organ. Det vil bli sett på i 2024.

#### **12 Internkontroll og tilsyn.**

Kommuneadministrasjonen skal årleg rapportera om internkontroll og eksterne tilsyn, jmf. ny kommunelov. Det vert gjort i kommunen si årsmelding.

Ved nokre høve vert tilsynsrapportar lagt fram for kontrollutvalet, då vanlegvis som referatsaker (RS). Døme: Rapport frå tilsyn med helse- og omsorgstenester til barn i barne- og avlastningsbustader.

#### **13 Henvendingar.**

Kontrollutvalet mottok tid om anna henvendingar frå ulikt hald. Det kan t.d. vera frå innbyggjarar, tilsette, tidlegare tilsette, brukarar av tenestene eller politiske parti.

Utvalet har eigne retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet. Desse er å finna på Stord kommune sine heimesider, gjeldande kontrollutvalet.

#### **14 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2023 (Ikkje uttømmande)**

- Rekneskapsrapport for kontrollarbeidet i 2023
- Budsjettstode for kontrollutvalet sitt budsjett for 2023
- Forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2024
- Årsmelding 2022 for kontrollutvalet
- Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske organ.
- Orientering om kommunal økonomisk berekraft (KØB) i Stord kommune.
- Orientering om etikk og missleg framferd
- Orienteringar om postlista til Stord kommune ift. sensitive opplysningar
- Høyring om folkevalde si godtgjersle - uttale frå kontrollutvalet
- Støymålingar ved Eldøyane industriområde
- Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet 2019-2023, og formidling til nytt utval om resultatet av evalueringa.
- Oppstartssaker for nytt utval i høve praktisk utvalsarbeid, teieplikt, varsling av evt. avbod, aktuelt tidsskrift, kontakt med media på vegne av utvalet mv.

Stord, 07.03.2024

Tarjei Aamot Haga  
Kontrollutvalsleiar Stord kommune

## **Stord kommune**

Kontrollutvalet  
c/o Sekretariat for kontrollutvalet  
Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900, 5020 Bergen

Telefon 05557

e-post: [hogne.haktorson@vlfk.no](mailto:hogne.haktorson@vlfk.no) | Mob. 911 05 982

e-post: [roald.breistein@vlfk.no](mailto:roald.breistein@vlfk.no) | Mob. 975 05 152

e-post: [kjartan.haugsnos@vlfk.no](mailto:kjartan.haugsnos@vlfk.no)

e-post: [helge.inge.johansen@vlfk.no](mailto:helge.inge.johansen@vlfk.no)

e-post: [einar.kare.ulla@vlfk.no](mailto:einar.kare.ulla@vlfk.no)

e-post: [kontrollutvalet@vlfk.no](mailto:kontrollutvalet@vlfk.no)